

Brukarkutvalet i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2017



SOGN OG FJORDANE



1 Nytt felles brukarutval i Sogn og Fjordane – fotografert februar 2017



Frå venstre fyrste rekka:

Hege Rosvoll - fast medlem sidan oktober 2017
Gry Sætre
Gerd Torkildson
Solfrid Fossberg
Audun Nedrebø
John Ole Johnsen - vararepresentant

Andre rekka:

Alfred Brusegard
Åshild Helleset
Liv Stenbakk Krognes
Aud Karin Netland
Ragnhild Eimhjellen
Geir Liavåg Strand – vararepresentant
Kurt Even Andersen
Vidar Vie

Ikkje tilstades: Varamedlemmane, Lisbeth Johnsen, Kjellaug Grimsbø, Erlend Haugen Herstad og Kirstin Bruland –

Ny varaperson frå 1.12.2017 - Amund Soltveit

Sekretariat/tilretteleggarar for utvalet
Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim

1 Aktivitet og oppgåver

Fyrste arbeidsår av funksjonsperioden 2017-2018 for felles brukarutval i Sogn og Fjordane er omme. På møtet i februar konstituerte utvalet seg med Solfrid Fossberg som leiar og Audun Nedrebø som nestleiar. Fossberg avslutta leiarvervet sitt i oktober, og Nedrebø tok over frå same tidspunkt. I novembermøtet vart Gry Sætre vald som ny nestleiar. Brukarutvalet har gjennom 2017 vore samla til seks utvalsmøter der det har vore handsama 37 saker av varierande storleik. Syner elles til møtereferata frå BU-møta som er tilgjengelege på heimesida til Helse Førde.

Utvalet har også delteke på to fellessamlingar i regi av det regionale brukarutvalet. Desse samlinga vart haldne i Bergen, der den fyrste samlinga var knytta til opplæring i brukarmedverknad for nye brukarrepresentantar. Her vart også vararepresentantane invitert. Fokuset i det andre fellesmøtet var personvern og tryggleiksutfordringar knytta til IKT-system når journalar no vert tilgjengeleg på internett gjennom «Min pasientjournal». Elles vart arbeidet med Helse 2035 presentert, og vi fekk innblikk i det landsomfattande prosjektet NORSE som har si opprinnning i vårt eige føretaksområde. Samval vart også introdusert - eit interessant tema som fengja utvalsmedlemmane.

Av viktige saker i arbeidsåret er det naturleg å framheve arbeidet med implementering av nye nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad. I samband med innføring av nasjonale retningslinjer vart brukarrepresentantane sin medverknad i styresamanhang vesentleg endra. Frå hausten 2017 fekk den valde representanten plass ved styrebordet med status som observatør med tale- og forslagsrett. Styret i Helse Førde handsama nasjonale og regionale retningslinjer i mai, med forventning om at retningslinjene vart gjort gjeldande også i vår føretaksområde. Koordineringsrådet fulgte opp vedtaket med å bestille høyring av brukarutvalet sitt syn, samt utvalet sitt framlegg til revisjon av gjeldande lokale retningslinjer som eit tillegg til dei nasjonale/ regionale. Felles brukarutval oppnemde eit mindre arbeidsutval til å fordjupe seg og kome med uttale i saka. Arbeidsutvalet var samla til to møter, og presenterte sitt framlegg for felles brukarutval i Sogn og Fjordane i september. Etter dette gjorde Koordineringsrådet vedtak om implementering av nasjonale og nye lokale retningslinjer frå 1.1.2018. Ein grundig budsjettgjennomgang i utvalet gav også grunnlag for koordineringsrådet sitt vedtak om auke i årleg budsjett for felles brukarutval i Sogn og Fjordane.

Som forrige år – har også dette arbeidsåret vore prega av ei rekke prosjektarbeid knytta til Pasientens Helseteneste. Ved årsskiftet syner aktivitetsoversikta 46 ulike råd/utval og prosjektgrupper, og herifrå har utvalsmedlemmane rapportert frå omlag 75 ulike råd-/utval- og prosjektgruppemøter.

Brukarutvalet er representert i ulike råd og utval som t.d

- Kvalitetsutvalet
- Koordineringsrådet
- Klinisk etisk komité
- Matpanelet
- Klinikkråd PHV
- Styringsgruppa for tematiske forskingsmidlar
- Forum for helse, omsorg og folkehelse i Sogn og Fjordane (HOF)
- Programstyret Pasientens helseteneste
- Prosjekt poliklinikk og dagbehandling
- Forprosjekt nye Førde sjukehus
- Eldremedisin/eldreomsorg - nettverksarbeid
- Samlokalisering sengepostar – 4 avdelingar KK, ØNH, ortopedi og kir

2 Rekneskap

Brukarutvalet sitt budsjett for 2017 var vedteke i koordineringsrådet 7.november 2016.

Budsjett 2017 - brukarutvalet i Sogn og Fjordane

| Utgiftsart | Budsjett 2017 |
|---|----------------------|
| Møtegodtgjersle ordinære møte | 90 000 |
| Møtegodtgjersle andre møte | 80 000 |
| Reisegodtgjersle og diett ordinære møte | 30 000 |
| Reisegodtgjersle og diett andre møte | 30 000 |
| Tapt arbeidsinntekt ordinære møte | 20 000 |
| Øvrige utgifter | 7 500 |
| Faste godtgjersler | 32 500 |
| Sum | 300 000 |

Rekneskapsresultat for driftsåret syner meirforbruk omlag 200`NOK i høve til vedtekne budsjett.

3 Tilrettelegging for utvalet /oppsummering

Også dette året har utvalet hatt fokus på korleis ein kan sikre handsaming og innflytelse i dagsaktuelle saker på tvers av føretak og kommunehelsetenesta. Fjarårets etablering av årshjul og fast møtestruktur for utvalsmøta har medverka til fleire innmelde saker frå kommuneorganisasjonen, men her er framleis rom for forbetringar. Alle utvalsmøta har vore gjennomført i Helse Førde sine lokasjonar, og i september var utvalet på besøk til Lærdal sjukehus. Her vart det omvisning og orientering om sjukehusdrifta ved seksjonsleiar Bente Rekve.

Det er stor aktivitet i det felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane i 2017, og alle medlemmane er engasjert og deltek i ulike avtalearbeid og mange prosjekt. Utvalet opplever at dei kan komme med innspel og medverke positivt til forbetring av tenester. Samstundes må det kontinuerleg arbeidast med å halde oppe medvitet om behovet for at brukarar kan delta som aktive samarbeidspartnerar – både på system- og individnivå.

Sekretærfunksjonen for utvalet har gjennom året vore ivaretaken av helseføretaket, som saman med leiar har sikra sakliste og førebuingar til møta der ein har søkt å samanstille dagsaktuelle saker til BU både frå HFD og kommunane.

20.01.2018

Audun Nedrebø

- Leiar-